



## SIVILOMBUDSMANNEN

Ola Karstein Feste  
Haukåsvegen 18  
5912 Seim

Vår referanse  
2020/1267

Dykkar referanse

Vår sakshandsamar  
Vegard Vaboen

Dato  
15.09.2020

### Lang sakshandsamingstid - Alver kommune

Vi viser til e-posten din 24. august 2020 med vedlegg.

Klagen gjeld sakshandsaminga til Alver kommune i ei sak om ei ulovleg oppført flytebyggje. Det går fram at du i brev 29. januar 2020 bad kommunen syte for at ei flytebyggje med landfeste til gnr 70 bnr 27 blir i samhøve med gjeldande reguleringsplan og løyvet som vart gitt 29. april 1987. Det går fram av dei oversendte sakspapira at du fleire gonger har purra på kommunens svar. Kommunen har fleire gonger svart deg at det som følgje av mange sakar om ulovlege tiltak, vil ta noko tid å få ferdigbehandla saka di.

I telefonsamtale 14. september 2020 opplyste rådgivar Eirik Berntsen i Alver kommune at saken vil bli behandla etter vanlege rutinar for prioriteringar. Kommunen opplyste også at tiltakshavar skal ha sendt ein søknad til Fylkesmannen i Vestland om byggeløyve for ei større flytebyggje, og at kommunen sin vidare behandling av saka om ulovleg tiltak avhenger av om Fylkesmannen gir løyve til utvida flytebyggje. Kommunen vil orientere deg om dette innan kort tid.

Etter dette gir ikkje klagen grunn til vidare behandling her no. Dersom du ikkje får tilbakemelding som forespeila, kan du eventuelt komme tilbake med ein ny klage hit.

For ombodsmannen

Sigrid Marie Fæhn Oftebro  
seniorrådgivar

Vegard Vaboen  
sakshandsamar

*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrive underskrift.*

Kopi til:  
ALVER KOMMUNE Postboks 4 5906 FREKHAUG

